



SAKSHANDSAMAR
Martine Magdalena Thodesen Sande

VÅR DATO
22.10.2024

postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

VÅR REF.
24/02036-3

DYKKAR REF.

DYKKAR DATO

Sjå mottakerliste

Kystlyngheia Lygra – gbnr. 57/1 – Riksantikvarens avgjerd i klagesak - Tilskot frå post 71 - Statsbudsjettet 2024 kap. 1429

Innleiing

Vi viser til motteke klage, datert 21. mai 2024. Klaga gjeld avslaget frå Vestland fylkeskommune på søknad om tilskot til skjøtsel av kulturlandskap på Lygra etter post 71. Klaga er oversend til oss frå Vestland fylkeskommune 15. juli 2024. Klaga er send innan klagefristen.

De har hatt høve til å sende inn kommentarar til oversendinga frå fylkeskommunen. Vi har ikkje motteke etterfølgjande kommentarar. Vi ser på saka som tilstrekkeleg opplyst.

Konklusjon

Riksantikvaren har vurdert alle sider av saka og konkluderer med at vi stadfestar vedtaket frå Vestland fylkeskommune. Klaga tas ikkje til følge.

Bakgrunn for saka

De har den 31. oktober 2023 søkt om tilskot for skjøtsel av kulturlandskapet på Lygra. Det er søkt om tilskot etter "forskrift om tilskudd til fredete kulturminner i privat eie".

Vestland fylkeskommune ga den 6. mai 2024 avslag på søknad om tilskot. Avslaget er grunnlagt med at tilskotsforskrifta og statsbudsjettet for 2024, kapittel 1429 post 71 ikkje opnar for å gi tilskot til kulturminne som ikkje er freda.

Innhaldet i klaga

I klaga vert det vist til at de søkte om tilskot basert på utlysinga på Vestland fylkeskommune sine nettsider. I utlysinga står det mellom anna at Riksantikvaren og regionalforvaltninga i særlege tilfelle kan gjere eigne satsingar forankra i nasjonale strategiske satsingar. På bakgrunn av dette kan ein mindre del av tilskota frå posten gå til kulturminne og kulturmiljø som ikkje er freda.

Vidare visar de til at då utlysinga og kriteria for tilskot frå post 71 for 2024 vart offentleggjort, var forskrifta og statsbudsjettet for 2024 kjent.

Det er dykkar oppfatning at avslaget ikkje er i tråd med utlysinga frå fylkeskommunen og kriteria for tilskot frå post 71, og at tiltaket kvalifiserer til tilskot og skal handsamast som "særleg tilfelle". Avslaget er heller ikkje i tråd med tidlegare praksis.

Vestland fylkeskommune si vurdering av klaga

I oversendinga av klaga viser fylkeskommunen til at det i utlysingsteksten på fylkeskommunen sine nettsider var opna for at ein mindre del av tilskota frå post 71 kan gå til kulturminne og kulturmiljø som ikkje er freda. Denne presiseringa var forankra i proposisjon til Stortinget som følgjer statsbudsjettet. Det vises til dømes til tekst i Prop. 1 S (2021-2022) og Prop. 1 S (2022-2023). Fylkeskommunen skriv at tidlegare års tildeling frå post 71 til Lyngheisenteret har basert seg på dette fråviket frå § 1 i tilskotsforskrifta som tidlegare statsbudsjett har opna for.

Fylkeskommunen viser til at denne utvidinga av formålet med tilskotsordninga er teke ut av proposisjonen for årets statsbudsjett (Prop. 1 S (2023-2024)). Det visast vidare til at Riksantikvaren i sitt vedtak om tilskot til Vestland fylkeskommune frå post 71 presiserer at statsbudsjettet for 2024 ikkje opnar for å gje tilskot til kulturminne/kulturmiljø som ikkje er freda.

Fylkeskommunen skriv at det er uheldig for søkerane at kunngjeringa av endringa av praksis ikkje har blitt formidla på eit tidlegare tidspunkt, men at avslaget likevel er i samsvar med tilskotsforskrifta og statlege føringar i Stortinget sitt vedtekne statsbudsjett for 2024, og Riksantikvaren sitt rammetilskot til fylkeskommunen.

Fylkeskommunen fastheld sitt avslagsvedtak og sender saka til Riksantikvaren for endeleg avgjerd.

Riksantikvaren si vurdering

Riksantikvaren skal prøve om fylkeskommunen sitt vedtak er basert på riktig bruk av tilskotsforskrifta og om saksbehandlinga er korrekt. Vi kan prøve alle sider av saka, jf. forvaltningsloven § 34 andre ledd.

I "forskrift om tilskudd til fredete kulturminner i privat eie" står det i § 3 at fylkeskommunen kan gje tilskot til "istandsettings- og vedlikeholdstiltak av kulturminner og kulturmiljø som er fredet, midlertidig fredet eller der fredningssak er under behandling". Ordlyden i forskrifta opnar i utgangspunktet ikkje for å gje tilskot til kulturminne eller kulturmiljø som ikkje er freda.

Som fylkeskommunen viser til, vart det i statsbudsjettet for 2022 og 2023 opna for at fylkeskommunen i særlege tilfelle kunne gje tilskot til ikkje- freda kulturminne, dersom dette vart gjort med forankring i nasjonale strategiske satsingar. Tidlegare tildelingar til Lyngheisenteret er gjeve på dette grunnlaget. I statsbudsjettet for 2024 er moglegheita til å gje tilskot til ikkje-freda kulturminne tatt ut, jf. Proposisjon til Stortinget frå Klima- og miljødepartementet (Prop. 1 S 2023-2024) s. 189. Det betyr at fylkeskommunen i år ikkje lenger har hatt heimel til å gje tilskot til ikkje-freda kulturminne og kulturmiljø.

Riksantikvaren ser verdien av det viktige arbeidet ved Lyngheisenteret, men vurderer at fylkeskommunens avslagsvedtak er i tråd med tilskotsforskrifta.

Riksantikvaren er samd i at det er uheldig at fylkeskommunen ikkje endra utlysingsteksten på nettsida si da statsbudsjettet vart lagt fram. Dette burde ha vore

gjort for å sikre tilstrekkeleg rettleiing av søkarane, og hindre unødig ressursbruk hos desse.

Konklusjon

Riksantikvaren har vurdert alle sider av saka og konkluderer med at vi stadfestar vedtaket frå Vestland fylkeskommune. Kлага tas ikkje til følgje.

Avgjerda er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. forvaltningsloven § 28.

Vidare oppfølging

Vi oppfordrar dykk til å undersøke moglegheiter for finansiering frå andre kjelder. Fylkeskommunen kan eventuelt gje råd om alternative finansieringsmoglegheiter.

Vennleg helsing

Kaare Stang

konstituert seksjonsleiar

Martine Magdalena Thodesen Sande
seniorrådgivar

Brevet er elektronisk godkjent uten underskrift

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Lyngheisenteret		Lygra	5912 SEIM
Vestland fylkeskommune		Postboks 7900	5020 BERGEN